

Fare for flaum

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) åtvarar mot flaumfare i ei fråsegn om reguleringsplanen for Alhovden på Kvamskogen. Kvam utvikling AS ynskjer ei tett utbygging av flaten mellom riksveg 7 og Longvotni.

NVE rår Kvam herad til å finna dokumentasjon for storleiken på ein såkalla 200-årsflaum. I tillegg meiner direktoratet at heradet òg må skaffa ein geoteknisk rapport som syner stabiliteten i grunnen for reguleringsplanen vert vedteken.

Dersom dokumentasjonen syner at det kan vera fare for utvasking av elvebreidda, rår NVE heradet til å stryka dei fire utbyggingsområda som ligg nærast elva og Longvotni.

Ifølgje planframlegget skal det ikkje byggjast lågare i terrenget enn 360,5 meter over havet. Det er 1,5 meter over flaumtoppen 28. oktober 2007.

—Gang—og sykkelveg fyrst

Naturvernforbundet i Kvam krev at det ikkje vert sett i gang utbygging på Laupsa for det vert bygt heilt trygg gang- og sykkelveg langs riksvegen.

—Ei utbygging vil gjera riksvegen til dagleg skule- og arbeidsveg for mange fleire enn i dag, påpeikar leiar Oddvar Soldal i ei fråsegn om reguleringsplanframlegget for gard nummer 51/2 på Laupsa.

Han opplyser at Naturvernforbundet meiner det er bra at det offentlege friområdet på Laupsa vert planlagt utvida, men etterlyser ei vurdering av kor stort friområde det er trong for.

—Truleg vil det vera ein føremon at friområdet vert monaleg større med tanke på det auka folketalet i dei planlagde bustad- og hytteområda. I tillegg skal det vera plass til ålmenta elles, skriv Soldal.

—Ikkje fleire

I samband med reguleringa av eit industriområde på Kåskjær i Ålvik oppmodar Statens vegvesen planleggjar Asplan-viak AS om å ikkje leggja til rette for fleire avkøysler frå riksveg 7, men heller slå saman avkøysler om mogeleg.

—Riksveg 7 har streng haldningsklasse i rammeplan for avkøyringar. Det tyder at talet på avkøyringar må vera svært avgrensa, skriv vegvesenet.

Det bed òg om at masseuttaket ovanfor riksvegen vert inkludert i reguleringsplanen. Vegvesenet har ikkje andre merknader til oppstarten av planarbeidet.

Planprogrammet for konsekvensutgreininga av området har vore ute til høyring. Vegvesenet bed om at konsekvensane av eit masseuttak på motsatt side av vegen vert vurderte i konsekvensutgreininga.

HF rettar

I ei tilvising på fyrstesida til omtalen om ein myntauksjon i Norheimsund førre helg stod å lesa at ein førti år gammal toåring var auksjonert bort. Den sjølvmoesteinde påstanden skuldast at ordet *toåring* var skrivne feil. Redaksjonen lever i trua på at dersom saka hadde handla om ein førti år gammal toåring, hadde oppslaget vore større.

Om denne feilen ikkje var nok, fekk Stig Jarle Trefall etternamnet Neteland i artikkelen om myntauksjonen. HF bed om orsaking.



Framdrift: Prosjektlear for Kvammapakken, Rolf Harkestad (t. h.), var fredag på det tredje prosjektmøtet i samband med Kvammapakken. Bak han kjem kollegaer i Statens vegvesen. Til venstre ser me byggleiar Gunnar Erstad.

— Fleirtal vil ha fleire bomstasjonar

20 av 25 verksemdene som svara på ei spørjegransking i Kvam næringsråd, meiner ei utviding av talet på bomstasjonar vil gjera Kvammapakken meir rettviss.

SIGBJØRN LINGA

Fem av verksemdene meiner den vedtekte ordninga med ein bomstasjon i Steinsdalen og ein på Kjepsøhogda er den beste.

— Styret vil tilrå å vurdere fleire bomstasjonar og redusere kostnaden med å passera kvar stasjon vesentleg. Ei utgreining basert på trafikkfeltjningar er naudsynt, skriv styreleiar Torleiv Ljones i Kvam næringsråd i eit brev til heradsstyret i Kvam.

Størst motstand i Norheimsund

Ljones opplyser til HF at halvparten av medlemsverksemdene i næringsrådet svara. 15 av dei 25 som svara, held til i Norheimsund. Av desse vil berre ei verksemd ha den vedtekte ordninga. Fem verksemdar held til i Øystese, og eit fleirtal på tre av desse ynskjer berre to bomstasjonar. Fem verksemdar held til i Strandebarm og Tørvikbygd. Éi av desse ynskjer to sta-

sjonar.

Ljones fortel at dei fleste av verksemdene som svara, har opplyst at dei ynskjer best mogeleg samsvar mellom yting og nytting. I brevet hevdar han at spesielt steinsdalingar, personar som pendlar mellom Kvam og Bergen, og dei som reiser ofte mellom Kvamskogen og Norheimsund, må bidra med mykje og får lite ut slik den vedtekte pakken er.

Ljones skriv at bomstasjonar mellom Øystese og Vikøy har negative sider. Han trur likevel at folk vil akseptera dette så lenge dei får gode vegar og ei rettviss fordeling av utgiftene.

Har skrivje til vegvesenet

Heradsstyret vedtok 13. oktober med knappast mogeleg fleirtal å påleggja rådmannen å vurdere å utvida plasseringa av og talet på bomstasjonar.

Ifølgje vedtaket skulle rådmannen helst allereie til heradsstyremøtet i dag leggja fram ei sak. Likevel gjekk det over to veke før rådmann Harald Inge Andersen skreiv til Statens vegvesen og spurde om det er mogeleg å endra bomstasjonane utan at det skiplar innhaldet eller framdrifta i Kvammapakken.

— Det er fordi me måtte bruka litt tid på å finna ut korleis me skulle gå laus på saka og kven som skulle gjera kva, seier Andersen, som enno ikkje har fått svar frå vegvesenet.

Han meiner det er viktig å skilja mellom kva politikarane kan gjera og kva rådmannen kan gjera i saka. Han meiner ynskjet om endring av Kvammapakken fyrst og fremst krev lobbyisme. Han reknar ikkje med at byråkratane i vegvesenet kjem til å vera positive til endringa.

— Det burde reisa ein heil delegasjon av politikarar til Oslo for å ta opp saka med Stortinget, seier han.

8. september vedtok heradsstyret eit oversendingsframlegg til Kvam bompengeselskap AS. Framlegget gjekk ut på å vurdere å endra den såkalla timeregelen slik at køyretøy som passerer ein bomstasjon to gonger innan åtte timar, slepp å betala for fleire enn éi passering. 16. oktober vart det sendt vidare til bompengeselskapet.

Går sin gang

Sjølv om politikarane i Kvam har bestemt seg for å vurdere å utvida talet på bomstasjonar frå to til fire, går arbeidet med Kvammapakken går sin gang. Fredag vart det tredje prosjektmøtet skipa til i Kvam rådhus med deltakarar frå Statens vegvesen og Kvam herad. Sjef for offentlege planar, Jon Nedkvitne, ynskjer ikkje å referera frå møtet og bed HF venta til referatet føreligg.

Ifølgje referatet frå det førre møtet, 27. august, tek vegvesenet sikte på å etablere bomstasjonane før sommarferien 2010, det vil seia parallelt med tilsvarande hending i Vossapakko. Den førebelse framdriftsplanen som vart delt ut i møtet, tilseier at også arbeidet med tunnelen frå Øystese til Nes kan starta før sommaren neste år. I oktober er det halde møte med grunneigarane som vert råka av kryssa nær tunnelmunningane.

— På parsellen Øystese–Nes startar ein grunntingane straks, og dei bør vera avslutta i november. Parsellen vil verta utlyst som totalentreprise med grunnnavtalane som ein del av tilbudsgrunnlaget, heiter det i augustreferatet.



Avviser klage: Styreleiar Reidun Rasmussen Mjør i Kvam bompengeselskap AS meiner selskapet ikkje er underlagt offentleglova. På den andre sida vil selskapet følgja offentleglova og føra postjournal, men berre frå og med 2009.

Har enno ikkje gjeve innsyn i protokollar

Kvam bompengeselskap AS (KBS) vil journalføre innkallingar til og protokollar frå styremøta sine frå og med 2009, men har enno ikkje svara på førespurnader frå HF om innsyn i eldre styremøteprotokollar.

SIGBJØRN LINGA

HF har bede om innsyn i alle styremøteprotokollane i selskapets vel fire år lange liv. Styreleiaren svara tidlegare i haust at styret prinsipielt sett meiner protokollane ikkje skal journalførast.

KBS står framleis fast på dette, og meiner det er tvil om spørsmålet om dokumenta kan reknast som saksdokument etter offentleglova. Dei er såkalla organinterne og treng difor ikkje journalførast, meiner selskapet.

Bed om eit svar

Likevel vil ålmenta få innsyn i styredokument, vel å merka berre dei som stammar frå i år. Eventuelle førespurnader om eldre dokument vil verta vurderte kvar for seg, ifølgje Rasmussen Mjør, som har spurt Fylkesmannen til råds i samband med klagesaka.

Styreleiaren tek i brevet til HF ikkje stilling til lokalavisa sin gjentekne førespurnad om kopiar av protokollane frå styremøta sidan stiftinga i 2005.

HF skreiv i går til styreleiaren og oppmoda henne om å gje eit svar også på dette punktet, og eventuelt å syta for at også dette vert ein del av Fylkesmannens klagehandsaming dersom svaret er negativt.

HF meiner, i motsetnad til KBS, at protokollane ikkje kan haldast hemmelege som såkalla organinterne dokument, som det heiter i offentleglova.

Journalfører

Styreleiaren opplyser i brevet til HF at post til og frå selskapet i 2009 vil verta journalført. Dokument sende etter 1. september kan finnast i Kvam herad sin postjournal. Dokument sende før 1. september vil verta publiserte med det fyrste, skriv styreleiaren, som enno ikkje veit når KBS si eiga heimeside vil vera klar.

– Styret i selskapet er medvite om at Kvammapakken er eit prosjekt omfatta av offentleg interesse, og styret ynskjer å imøtekoma ålmenta sitt ynskje om innsyn i selskapet, skriv Rasmussen Mjør.

Nytt avslag

KBS avviser HF si oppmoding om å journalføre alle dokument til og frå selskapet sidan stiftinga for fire år sidan. KBS avslø fyrst førespurnaden, og HF klaga tidleg i oktober.

Rasmussen Mjør svarar at selskapet framleis meiner at det ikkje er omfatta av offentleglova fordi det ikkje har fast tilsette i administrativ stilling. Dagleg leiar Oddvar Brakestad er ikkje tilsett i KBS, og arbeidsgjevarans hans får refundert løna hans når han vert hyrd som dagleg leiar i enkelt saker. Styreleiaren peikar òg på at KBS ikkje har eige kontor eller kontorutstyr, til dømes datamaskin.

Dersom KBS likevel skulle vera underlagt offentleglova, meiner styreleiaren at innsynsretten og journalføringsplikta berre gjeld frå 1. januar i år. Då tok den nye offentleglova tok til å gjelda. HF har

difor fått eit nytt avslag, og saka er sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

– Tynn grunning

I brevet frå HF til KBS i går, som Fylkesmannen òg har fått kopi av, hevdar lokalavisa at KBS si grunning for å sleppa offentleg innsyn er tynn.

– Dersom KBS sin logikk skal gjelda i tilsvarande saker, inneber det at offentleg eigde selskap kan "organisera seg bort frå" offentleglova. Dette kan umogeleg ha vore intensjonen til lovgjevaren. Dersom føring av postjournal og handsaming av førespurnader om innsyn er ein del av oppgåvene til KBS, må KBS sjølv syta for å ha kapasitet til dette, skriv HF.

Avisa meiner det er underleg at KBS brukar mangelen på kontor og datamaskin som argument for å sleppa offentleg innsyn. HF viser til at selskapet dei siste åra har utført ei rekke andre oppgåver som tilsynelatande krev både kontor og pc.

– Kvifor problematiserer ikkje KBS mangelen i andre samanhengar? spør HF, som hevdar det er opp til KBS å skaffa seg hjelpemiddel til drifta med pengane som er løyvde av dei folkevalde i Kvam herad.

HF påpeikar i brevet at den mellomste postjournalen til KBS på kvam.no ikkje ser ut til å vera komplett. Til dømes er ikkje førespurnader om innsyn frå både HF og Per Nordø å finna i journalen.

linga@hf.no

Vil effektivisera

Både Kvam bompengeselskap AS, Jondalstunnelen AS og Hardangerbrua AS kan hamna under paraplyen til eit fylkeskommunalt selskap som skal passa på at dei driv effektivt. Dei fleste av dei 14 bompengeselskapa i fylket vert med.

Den største usemja ser ut til å dreia seg om lokalisering av hovudkontoret. Fylkesrådmannen meiner det bør liggja i bergensområdet, medan til dømes Hardangerrådet ynskjer det i Eidfjord. Kvam bompengeselskap AS har ikkje late høyra frå seg i høyringsrunden, men er automatisk "påmeldt" fordi fylkeskommunen eig aksjemajoriteten i selskapet. Samferdsleutvalet drøftar saka onsdag.

Styret i Jondalstunnelen AS meiner det nye selskapet vil vera til nytte. Styreleiar Arne Havnerås seier i høyringsuttalen at tunnelselskapet truleg kjem til å kjøpa tenester.

Det fyrste steget mot eit overordna selskap for heile Hordaland vart teke i 2005. Selskapet skal utføra fellesoppgåver, medan styra i bompengeselskapa er ansvarlege for sine egne prosjekt. Arbeidsoppgåvene vert dagleg drift av selskapa, til dømes sentralbordtenester, rapportering, økonomi, lån, rekneskap og budsjettering.

Onsdag skal samferdsleutvalet drøfta oppretting av det nye aksjeselskapet med 100.000 kroner i aksjekapital. Fylkeskommunen vil eiga alle dei ti aksjane.

Selskapet har ikkje som føremål å skaffa utbyte, og aksjane kan ikkje omsetjast, skriv fylkesrådmannen i innstillinga. Han meiner selskapet bør ha eit styre på fem.

Ny-purring

Kvam herad har enno ikkje svara Fylkesmannen på eit spørsmål om korleis heradet vil følgja opp setjefylkesmannens vedtak i saka som gjeld reguleringsplanen for Eikenes. Fylkesmannen har difor sendt heradet den andre purringa, nesten fem månader etter at den fyrste vart sendt. Spørsmålet vart fyrst stilt i eit brev i april.

Setjefylkesmannen konkluderte med at reguleringsplanen for Eikenes frå 1989 er ugyldig. Kvam herad har vedteke at Nordnes brygge AS kan få byggja mellom anna fritidshusvære i området. Fylkesmannen kan ikkje oppheva eller endra planen – det må Kvam herad eventuelt gjera. Dersom heradet står på sitt og framleis meiner planen er gyldig, bør saka ifølgje Fylkesmannen avgjerast av Miljøverndepartementet.

HF har spurt sjefen for private planar og byggesaker i heradet, Bjørn Vik, kvifor Fylkesmannen enno ikkje har fått svar. Vil lova før helga å svara om ei vekke.

Krev gangbru

Konsulentselskapet Cowi AS meiner på vegner av utbyggjaren Kvam utvikling AS at det ikkje er naudsynt å byggja gangbru over riksveg 7 ved Ungdomsheimen på Kvamskogen før det er bygt fleire enn 55 bueiningar på flaten ved Alhovden.

Statens vegvesen er usamd i ein uttale til reguleringsframlegget for prosjektet Kvam fjellgrend på gard nummer 19/686 påpeikar Rønnaug Nesheim i Voss og Hardanger distrikt at det òg står om lag like mange campingvogner på plassen. Dersom vognene vert ståande, vil grensa ved 55 bueiningar liggja altfor høgt, meiner ho.

I framlegget heiter det at det skal foreleggja ein utbyggingsavtale for etablering av gangbrua før det vert gjeve bruksløyve for fritidshustader i planområdet. Nesheim påpeikar at Statens vegvesen meiner foresegnene ikkje klart nok viser kva utbyggingsrekkefølge Kvam herad ynskjer. Den auka aktiviteten i området aukar trøngon for ei såkalla "planskild" kryssing av riksvegen, skriv Nesheim.